

# Hemsedal kommune

## Møteprotokoll

### Hovudutval Plan og Ressurs

**Møtedato:** 28.02.2008

**Sted:** Kommunestyresalen

**Fra kl/til kl:** 12.00-14.30

**Behandla saker:** 11/08-22/08

**Tilstades:**

<b>Funksjon</b>	<b>Navn</b>
Leiar	Håvard Venås
Nestleiar	Ingrid Jordheim Brenna
Medlem	Pål Terje Rørby
Medlem	Helga Sølund
Medlem	Odd Holde
Medlem	Ernst-Tore Eggen
Vara	Jan Egil Halbjørhus

**Forfall:** Ellen Møllerplass Mythe

**Som varamedlemer møtte:** Jan Egil Halbjørhus møtte for Ellen Møllerplass Mythe

**Andre:** Ola K. Frogner, leiar landbruk og næring

**Diverse merknader:**

**Underskrifter:**

---

Håvard Venås

---

Ingrid Jordheim Brenna

## Saksoversikt

<b>Saknr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
11/08	08/221 <b>GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE</b>
12/08	08/221 <b>DELEGERTE VEDTAK</b>
13/08	07/1470 <b>NÆRINGSVAFALL KONTRA HUSHALDNINGSAV FALL – VURDERING AV GRENSE GANG</b>
14/08	07/1606 <b>RETNINGSLINJER FOR HANDSAMING AV SØKNAD OM FRITAK FOR RENOVASJONSAVGIFT</b>
15/08	08/222 <b>LOKAL FORSKRIFT OM UTSLEPP AV AVLØPSVATN FRÅ BUSTAD OG FRITIDSBUSTAD I HEMSEDAL KOMMUNE</b>
16/08	07/1303 <b>86/7 - SØKNAD FRÅDELING 300 M2 TIL 86/114, HYTTEEIGEDOM BULIN – EGIL TRØIM</b>
17/08	08/169 <b>88/104 OG 88/105 - ESTETISK UTFØRELSE, LIOSTUGU AS (KRIK)</b>
18/08	07/1578 <b>68/9 - SØKNAD OM DISPENSASJON FOR UTKJØRING TIL RV 52 – SKOGSTAD HOTELL</b>
19/08	08/215 <b>SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL). REVIDERING AV TILTAKSSTRATEGI 2008-2011 FOR HEMSEDAL/HALLINGDAL</b>
20/08	07/733 <b>86/11 REHABILITERING OG UTVIDING AV FISKEBU/GJETARBU</b>

21/08

07/723

**82/21 - SØKNAD FRÅDELING/OMDISPONERING 0,5 DEKAR  
TIL HYTTETOMT – PER M TØMMERVOLD**

22/08

08/2

**60/20 - SØKNAD FRÅDELING SKOGTEIG – LEIF OTTAR  
MARKEGÅRD**

**Saknr. 11/08**

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE**

**Innstilling:**

Saka gjeld godkjenning av protokoll frå møtet i hovudutval for Plan og Ressurs 31. januar 2008.

**Behandling:**

Innstilling vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Saka gjeld godkjenning av protokoll frå møtet i hovudutval for Plan og Ressurs 31. januar 2008.

**Saknr. 12/08**

**DELEGERTE VEDTAK**

**Innstilling:**

Hovudutval for Plan og Ressurs har ingen merknader til delegerte vedtak.

**Behandling:**

Innstilling vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Hovudutval for Plan og Ressurs har ingen merknader til delegerte vedtak.

**Saknr. 13/08**

**NÆRINGSAVFALL KONTRA HUSHALDNINGSAVFALL - VURDERING AV  
GRENSEGANG**

**Innstilling:**

Hovudutval for plan og ressurs gjer følgjande vedtak:

Gardsbruk som mottek produksjonstilskott, har 3 utleigehytter eller meir, og utleigeinntekta utgjer ein vesentleg del av inntekta på garden, kan etter skrifteleg søknad, få fritak for kommunal renovasjon på følgjande vilkår:

- Inngår skriftleg avtale om privat renovasjon/næringsavfall
- Innan 1. oktober kvart år levere rapport til kommunen som inneheldt kopi av avtale med renovatør om levering av næringsavfall og leverte avfallsmengder.

Dette vedtaket trer i kraft frå 01.01.08 og har ikkje tilbakeverkande kraft og skal takast opp til vurdering innan 31.12.2010

**Behandling:**

*Ingrid Jordheim fremme følgjande forslag til vedtak.*

Gardsbruk som mottek produksjonstilskott, har utleigehytter der hyttene ligg i nærleiken av gardsbruket, og/ eller drifta av desse er slik at bonden kan ta hand om avfallet, kan etter skrifteleg søknad få fritak frå kommunal renovasjon på følgjande vilkår:

- Inngår skriftleg avtale om privat renovasjon/næringsavfall
- Innan 1. oktober kvart år levere rapport til kommunen som inneheldt kopi av avtale med renovatør om levering av næringsavfall og leverte avfallsmengder.

Dette vedtaket trer i kraft frå 01.01.08 og har ikkje tilbakeverkande kraft og skal takast opp til vurdering innan 31.12.2010

Framlegg frå Ingrid Jordheim Brenna vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Gardsbruk som mottek produksjonstilskott, har utleigehytter der hyttene ligg i nærleiken av gardsbruket, og/ eller drifta av desse er slik at bonden kan ta hand om avfallet, kan etter skrifteleg søknad få fritak frå kommunal renovasjon på følgjande vilkår:

- Inngår skriftleg avtale om privat renovasjon/næringsavfall
- Innan 1. oktober kvart år levere rapport til kommunen som inneheldt kopi av avtale med renovatør om levering av næringsavfall og leverte avfallsmengder.

Dette vedtaket trer i kraft frå 01.01.08 og har ikkje tilbakeverkande kraft og skal takast opp til vurdering innan 31.12.2010

**Saknr. 14/08**

**RETNINGSLINJER FOR HANDSAMING AV SØKNAD OM FRITAK FOR  
RENOVASJONSAVGIFT**

**Innstilling:**

Med bakgrunn i forskrift om avfallsbehandling § 4 jf forureiningslova § 30 andre ledd, og vurderinga ovanfor, vedtek hovedutval for Plan og Ressurs retningslinjer for behandling av søknader om fritak frå renovasjonsordning. Retningslinjene vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

**Behandling:**

*Hovudutval for Plan og Ressurs fremja følgjande omforente forslag til endring av retningslinjene:*

**Boliger:**

Under "Eget bruk", pkt. a vert det stilt krav om fysisk endring av leiligheten.

**Ny tekst i pkt. a vert som følgjer.**

For boliger som har leilighet/hybler for utleie, men vil gå over til å benytte hele huset til eget bruk, kan på vilkår om at det vert gjort fysiske endringar av leiligheten, søke om fritak for renovasjonsordningen og gebyrplikta for bruksenheten som tidlegare vart leigd ut.

b. Endres frå 6 mnd til 1 år

c. Endres frå 6 mnd til 1 år

d. Endres frå 6 mnd til 1 år

**Hytter:**

Avstand, pkt. C vert tatt ut av retningslinjene.

Innstilling, samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Hovudutval for Plan og Ressurs si innstilling til kommunestyret:

Med bakgrunn i forskrift om avfallsbehandling § 4 jf forureiningslova § 30 andre ledd, og vurderinga ovanfor, vedtek Hemsedal kommunestyre retningslinjer for behandling av søknader om fritak frå renovasjonsordning. Retningslinjene vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

**Endringar:**

**Boliger:**

Under "Eget bruk", pkt. a vert det stilt krav om fysisk endring av leiligheten.

**Ny tekst i pkt. a vert som følgjer.**

For boliger som har leilighet/hybler for utleie, men vil gå over til å benytte hele huset til eget bruk, kan på vilkår om at det vert gjort fysiske endringar av leiligheten, søke om fritak for renovasjonsordningen og gebyrplikta for bruksenheten som tidlegare vart leigd ut.

b. Endres frå 6 mnd til 1 år

c. Endres frå 6 mnd til 1 år

d. Endres frå 6 mnd til 1 år

**Hytter:**

Avstand, pkt. C vert tatt ut av retningslinene.

**Saknr. 15/08**

**LOKAL FORSKRIFT OM UTSLEPP AV AVLØPSVATN - FRÅ BUSTAD OG FRITIDSBUSTAD I HEMSEDAL KOMMUNE**

**Innstilling:**

Hemsedal kommune har utarbeida framlegg til lokal avløpsforskrift med heimel i forskrift om begrensing av forureining (forureiningsforskrifta) av 01.01.07 § 12- 6, og lov av 13. mars 1981 om vern mot forureiningar og avfall § 9.

I medhald av Forvaltningslovas kap. VII vert framlegg til lokal avløpsforskrift lagt ut på høyring.

**Behandling:**

Innstilling vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Hemsedal kommune har utarbeida framlegg til lokal avløpsforskrift med heimel i forskrift om begrensing av forureining (forureiningsforskrifta) av 01.01.07 § 12- 6, og lov av 13. mars 1981 om vern mot forureiningar og avfall § 9.

I medhald av Forvaltningslovas kap. VII vert framlegg til lokal avløpsforskrift lagt ut på høyring.

**Saknr. 16/08**

**86/7 - SØKNAD FRÅDELING 300 M2 TIL 86/114, HYTTEEIGEDOM BULIN - EGIL TRØIM**

**Innstilling:**

Vedtak 1:

Hovudutval for Plan og Ressurs godkjenner søknad om omdisponering og frådelling av 300 kvm etter §12 i Jordlova. Grunngeving for vedtaket er ei frådelling vert vurdert som ei natuerlg grensejustering, og at ei frådelling er driftsøkonomisk forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gje.

Vedtaket kan etter kap. VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbruksstyret i Buskerud . Ei eventuell klage må sendast Hemsedal kommune, 3560 Hemsedal innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent.

Vedtak 2:

Hovudutval Plan og Ressurs finn ikkje at det føreligg særlege grunnar og avslår søknad om dispensasjon for utviding av grenser på fritidseigedom 86/114 slik at fjøs på 86/7 blir omfatta av denne. Grunngevinga er at samla bygningsmasse for fritidseigedomen vil gå vesentleg ut over rammene i gjeldande kommuneplan. Ei utviding synes heller ikkje nødvendig for å løyse problematikken rundt utedo.

Vedtaket kan etter kap. VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker.

**Behandling:**

Før handsaming vart ny revidert saksutgreiing delt ut etter nye innkomne opplysningar frå ny heimelshavar. På bakgrunn av desse opplysningane er tilrådinga etter PBL endra.

*Ny innstilling etter Plan og Bygningslova vert slik:*

Hovudutval Plan og Ressurs finn at det føreligg særlege grunnar og gir dispensasjon for utviding av eigedom 86/114 i samsvar med innsendt søknad slik at tilgrensande fjøs på 86/7 blir ein del av eigedomen. I praksis blir dette gjort ved frådelling av ca 300 m2 frå 86/7 som skal samanføyast med 86/114. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 7. Grunngevinga er at kjøpar ønskjer å bevare det gamle fjøset og stølsmiljøet.

Vedtaket kan etter kap. VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker.

Innstilling, samt ny innstilling i vedtak 2 vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Vedtak 1:

Hovudutval for Plan og Ressurs godkjenner søknad om omdisponering og frådelling av 300 kvm etter §12 i Jordlova. Grunngeving for vedtaket er ei frådelling vert vurdert som ei naturleg grensejustering, og at ei frådelling er driftsøkonomisk forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gje.

Vedtaket kan etter kap. VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbruksstyret i Buskerud . Ei eventuell klage må sendast Hemsedal kommune, 3560 Hemsedal innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent.

Vedtak 2:

Hovudutval Plan og Ressurs finn at det føreligg særlege grunnar og gir dispensasjon for utviding av eigedom 86/114 i samsvar med innsendt søknad slik at tilgrensande fjøs på 86/7 blir ein del av eigedomen. I praksis blir dette gjort ved frådelling av ca 300 m<sup>2</sup> frå 86/7 som skal samanføyast med 86/114. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 7. Grunngevinga er at kjøpar ønskjer å bevare det gamle fjøset og stølsmiljøet.

Vedtaket kan etter kap. VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker..

**Saknr. 17/08**

**88/104 OG 88/105 - ESTETISK UTFØRELSE, LIOSTUGU AS (KRIK)**

**Innstilling:**

Hovedutvalg Plan og Ressurs finner at det ikke foreligger særlige grunner for å gi dipensasjon fra reguleringsplan og avslår i hht. §31 i Plan og bygningsloven dispensasjon for den estetiske utførelsen på de to leilighetsbyggene.

Vedtaket kan i samsvar med forvaltningsloven påklages til Fylkesmannen i Buskerud inne tre uker.

**Behandling:**

Håvard Venås melde seg inhabil, og utvalet var einig i dette. Ingrid Jordheim Brenna overtok leiinga av utvalet. Ingen vara møte.

Innstilling vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Hovedutvalg Plan og Ressurs finner at det ikke foreligger særlige grunner for å gi dispensasjon fra reguleringsplan og avslår i hht. §31 i Plan og bygningsloven dispensasjon for den estetiske utførelsen på de to leilighetsbyggene.

Vedtaket kan i samsvar med forvaltningsloven påklages til Fylkesmannen i Buskerud inne tre uker.

**Saknr. 18/08**

**68/9 - SØKNAD OM DISPENSASJON FOR UTKJØRING TIL RV 52 - SKOGSTAD HOTELL**

**Innstilling:**

Hovedutvalg Plan og Ressurs finner at det ikke foreligger tilstrekkelig særlige grunner og avslår ihht. § 31 i Plan og Bygningsloven søknad om dispensasjon fra reguleringsplan for utkjøring til riksvei 52 fra Skogstad Hotell sin eiendom.

Vedtaket kan i samsvar med forvaltningsloven påklages til Fylkesmannen i Buskerud inne tre uker.

**Behandling:**

*Hovudutval for Plan og Ressurs fremmer følgjande omforente forslag til vedtak:*

Saka vert utsett.

Hovudutval for Plan og Ressurs ber partane sjå nærmare på om dei kan finne ei løysning etter felles møte. Det er viktig at ein finn ei løysning som ivartek næringsinteresser og trafikktryggleik. Ein må samstundes få avklart kvifor vedteke stadformingsplan, og dei tiltaka som der er utført, ikkje er kome med på gjeldande reguleringsplan.

Kommunen meiner at Skogstad Hotell framleis kan nytte utkøyrsla mot RV 52 inntil søknad om dispensasjon er ferdig handsama.

Omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Saka vert utsett.

Hovudutval for Plan og Ressurs ber partane sjå nærmare på om dei kan finne ei løysning etter felles møte. Det er viktig at ein finn ei løysning som ivartek næringsinteresser og trafikktryggleik. Ein må samstundes få avklart kvifor vedteke stadformingsplan, og dei tiltaka som der er utført, ikkje er kome med på gjeldande reguleringsplan.

Kommunen meiner at Skogstad Hotell framleis kan nytte utkøyrsla mot RV 52 inntil søknad om dispensasjon er ferdig handsama.

**Saknr. 19/08**

**SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL). REVIDERING AV  
TILTAKSSTRATEGI 2008-2011 FOR HEMSEDAL/HALLINGDAL**

**Innstilling:**

Utval for Plan og Ressurs rår kommunestyret å vedta "Tiltaksplan for skogbruket i Hallingdal 2008 - 2011" og "Tiltaksplan for jordbruket i Hallingdal 2008 - 2011" slik dei ligg føre.

I samsvar med forslag til tiltaksstrategi for skogbruket delegerer Kommunestyret til lokal skogbrukssjef / skogbruksforvaltar å gjere vedtak på spesielle miljøverkemiddel i skogbruket. Skogbrukssjef / skogbruksforvaltar handsamar også evt. klage før den vert sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

SMIL-utvalet består av to frå faglaga (bondelag og småbrukarlag) ein politiskar, og to frå kommuneadministrasjonen. XXXXXXXX vert valt som politisk representant.

I samsvar med forslag til tiltaksstrategi for jordbruket delegerer Kommunestyret til det lokale "SMIL-utvalet" å gjere vedtak på spesielle miljøverkemiddel i jordbruket. "SMIL-utvalet" handsamar også evt. klage før den vert sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Kommunen sitt SMIL- medlem

Tiltaksstrategiane vert oversendt Fylkesmannen i Buskerud til orientering / godkjenning.

**Behandling:**

Hovudutvalet fremja forslag om at Pål Terje Rørby vert valt som politisk representant.

Innstilling, samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Hovudutval for Plan og Ressurs si innstilling til kommunestyret:

Hemsedal kommunestyre vedtar "Tiltaksplan for skogbruket i Hallingdal 2008 - 2011" og "Tiltaksplan for jordbruket i Hallingdal 2008 - 2011" slik dei ligg føre.

I samsvar med forslag til tiltaksstrategi for skogbruket delegerer Kommunestyret til lokal skogbrukssjef / skogbruksforvaltar å gjere vedtak på spesielle miljøverkemiddel i skogbruket. Skogbrukssjef / skogbruksforvaltar handsamar også evt. klage før den vert sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

SMIL-utvalet består av to frå faglaga (bondelag og småbrukarlag) ein politiskar, og to frå kommuneadministrasjonen. Pål Terje Rørby vert valt som politisk representant.

I samsvar med forslag til tiltaksstrategi for jordbruket delegerer Kommunestyret til det lokale "SMIL-utvalet" å gjere vedtak på spesielle miljøverkemiddel i jordbruket. "SMIL-utvalet" handsamar også evt. klage før den vert sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Kommunen sitt SMIL- medlem Pål Terje Rørby

Tiltaksstrategiane vert oversendt Fylkesmannen i Buskerud til orientering / godkjenning.

**Saknr. 20/08**

**86/11 REHABILITERING OG UTVIDING AV FISKEBU/GJETARBU**

**Innstilling:**

Saka vert lagt fram til diskusjon utan tilråing.

**Behandling:**

*Håvard Venås fremja slikt forslag til vedtak:*

Saka vert trekt da ein ikke kan handsame søknad om utviding/ tilbygg på eit tiltak det ikkje kan dokumenterast at det er gjeve byggeløyve på.

Framlegg frå Håvard Venås vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Saka vert trekt da ein ikke kan handsame søknad om utviding/ tilbygg på eit tiltak det ikkje kan dokumenterast at det er gjeve byggeløyve på.

**Saknr. 21/08**

**82/21 - SØKNAD FRÅDELING/OMDISPONERING 0,5 DEKAR TIL HYTTETOMT - PER M. TØMMERVOLD**

**Innstilling:**

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknaden om frådelling av 0,5 daa til fritidsbustad frå eigedomen Bekkestad, gnr. 82 bnr. 21. Dette er gjort med heimel i Plan og Bygningslova § 20 -6. Grunngeving for vedtaket er at søknaden er i strid med Kommueplanen.

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknaden om omdisponering etter § 9, og frådelling etter §12 i Jordlova. Grunngeving for vedtaket er at det er innmark, og at ei frådelling vil kunne medføre driftsmessige problemer for landbrukseigedomen i framtida.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbruksstyret i Buskerud . Ei eventuell klage må sendast Hemsedal kommune, 3560 Hemsedal innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent.

**Behandling:**

Innstilling vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknaden om frådelling av 0,5 daa til fritidsbustad frå eigedomen Bekkestad, gnr. 82 bnr. 21. Dette er gjort med heimel i Plan og Bygningslova § 20 -6. Grunngeving for vedtaket er at søknaden er i strid med Kommueplanen.

Vedtaket kan etter kap. VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker.

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknaden om omdisponering etter § 9, og frådelling etter §12 i Jordlova. Grunngeving for vedtaket er at det er innmark, og at ei frådelling vil kunne medføre driftsmessige problemer for landbrukseigedomen i framtida.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbruksstyret i Buskerud . Ei eventuell klage må sendast Hemsedal kommune, 3560 Hemsedal innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent.

**Saknr. 22/08**

**60/20 - SØKNAD FRÅDELING SKOGTEIG - LEIF OTTAR MARKEGÅRD**

**Innstilling:**

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknad om deling av driftseininga som omsøkt. Dette er gjort med heimel i jordlova §12.

Grunngevinga for vedtaket er at deling ikkje er forsvarleg ut frå den avkastning som eigedomen kan gi.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbruksstyret i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal fyrst sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

**Behandling:**

Innstilling vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknad om deling av driftseininga som omsøkt. Dette er gjort med heimel i jordlova §12.

Grunngjevinga for vedtaket er at deling ikkje er forsvarleg ut frå den avkastning som eigedomen kan gi.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbruksstyret i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal fyrst sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL